



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Møteprotokoll for Ørskog sokneråd

Møtedato: 15.02.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Kyrkjetorget i Ørskog

Desse møtte: Mons-Olav Walgermo, Kristian Fjørtoft, Inger Valbø, Kari Pauline Longva, May-Sissel R. Osvik, Doreen Strømmen.

Ingeri Madsen møtte for Knut Steinar Dyrkorn, Ola Sønderland møtte for Kim-Ove Hestås.

Kristian Sveen vara møtte og.

Geistleg representant Olav Rønneberg

Mons-Olav opna med å lese salmen «Som barn i ditt hus»

Saker

Sak 08/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 09/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 18.01.24

Sak 10/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

- **Korktavle for salmeforslag på vegg. Plassering**
- **Ny varmepumpe montert**
- **Nedsenka søppedunkar ved kyrkja**
- **Invitasjon til medarbeidarfest på Brusdalsheimen 8.02.24 for Skodje og Ørskog. Kort oppsummering**
- **Misjonsavtale med Stefanusalliansen**

Sak 11/24: Utval og kontaktpersonar.

Sak 12/24: Val av konkret misjonsprosjekt for Himalpartner

Sak 13/24: Revisjonsberetning og avtale

Sak 14/24: Årsmøte. Program mm. Årsmelding og rekneskap

Sak 15/24: Innspel frå soknerådet til kyrkjeverja/fellesrådet om tiltak i og rundt Ørskog kyrkje.

Sak 16/24: Samtale med kantor Arne B. Varmedal

Sak 17/24: Eventuelt

Sak 08/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Vedtak;

Ørskog sokneråd godkjenner innkallinga og saklista med denne merknad til saklista:
Sak 16/24 blir utsett til neste soknerådsmøtet

Sak 09/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 18.01.24

Vedlegg: Møteprotokoll 18.01.24

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 18.01.24 utan merknadar

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 18.01.24 utan merknader

Sak 10/24: Orienteringssaker, skriv og meldingar

- Korktavle for salmeforslag er plassert på veggen på møterommet på Kyrkjetoget. Etter oppmoding frå Ola Sønnerland skriv vi opp salmar vi liker på den. Han vil ha inntil 7 salmar frå kvar av oss. Det kan kanskje vere i meste laget for nokon av oss, og kanskje i minste laget for andre. Talet er ikkje det viktigaste, men at vi finn fram til nokre vi gjerne får synge og høyre oftare. Dette kan også vere noko som fleire i kyrkjelyden kan oppmodast til. Men er ei korktavle på møterommet rette plassen for synleggjering? Kan vi plassere ho ein annan og betre stad? Eller skal vi tenkje endå lenger ut, og ha noko synleg på nettet? Du får tenkje på det..Kanskje kan vi presentere ein salme for veka på nettet og invitere til salmequiz etter ei stund? Ver kreativ og tenk stort og høgt!!
- Ny varmepumpe er montert og sett i drift ved inngangen til bruktbuikken på Kyrkjetoget. Vi opplever god effekt. Varmepumpa er av merke Panasonic.
- Nedsenka søppeldunkar ved kyrkja. Desse skal stå ved/på Osberget rett ved vegen ned til prestefjæra og Heitebua. Dette eg skriv her, er berre til info. Dei står på kommunal eigedom, og kyrkja har ikkje noko med dette å gjere.
- Torsdag 8. februar var Ørskog invitert til medarbeidarfest på Brusdalsheimen av Skodje sokn. Der vart det servert middag, kaffi og kaker, fleire programinnslag, musikalske av Espen Hellandsvik og kantor Arne B. Varmedal, quizar, intervju av Sigmund Stene. God prat rundt borda. Vi var ca 30 -35 frammøtte. Vi likte dette fellesarrangementet. Vi samarbeider med Skodje på fleire måtar, og vi vart samde om at vi



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

skulle informere betre om arrangement som vi kunne invitere til enten til Skodje eller Ørskog som gudstenester, fellesskapskveldar og temakveldar...

- Misjonsavtalen med Stefanusalliansen er underskriven og sendt til organisasjonen.

Handsaming i møtet.

Til pkt 1 om presentasjon av salmar vi liker, kom det fram fleire idear til presentasjon

- Plassere ei korktavle i våpenhuset i kyrkja. Dele ut ark til interesserte under kyrkjekaffien
- Facebookgruppa: Ørskog; vekas/månadens salme
- Presentere saka om salmar i Bygdebladet
- Mål: Heve kvaliteten på salmesongen i kyrkja med ulike tiltak: forsongargruppe, powerpoint i tillegg til bruk av salmebøker, oppfordre til å sitje samla fører til det blir lettare å synge.

Finst det karaokeversjon av salmeboka?

Til pkt 3 om søppeldunkar ved kyrkja. Kyrkja har ikkje fått nabovarsel. Vi gjev tilbakemelding om at vi hadde set pris på eit varsel når tiltak skal setjast i gang ved kyrkja.

Til pkt 4 vedk. medarbeidarfesten på Brusdalsheimen.

Samde om å styrkje samarbeidet mellom sokna. Bli flinkare til å orientere om møte og samlingar, og legge til rette for felles skyss ol.

Kjekk samling, 30 -35 totalt. Ca 10 personar frå Ørskog.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande

Sak 11/24: Utval og kontaktpersonar

Vi syner til sak på forrige soknerådsmøte, sak 4/24. Vi gjekk gjennom lista over komitear, utval og kontaktpersonar og ville arbeide for at arbeidet vart ferdig utført til dette soknerådsmøtet.

Når det gjeld diakoniutval har vi no 4 personar. Den 4. er presten som bør vere ein av repr. til ei kvar tid.

Men vi treng ein person til som bør vere frå soknerådet enten blant faste medlemmer eller varamedl.

Dei som no er med i utvalet, er: Lars Tore Nerbøvik, Arild Aanes, Harriet Listhaug, presten Øystein Braathen og du (?)



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Utvalet legg opp løpet sjølv og grip tak i det som no er mest aktuelt å bidra med. Tenk gjennom om du bør seie ja til å vere med blant denne kjekke gjengen.

Vi treng også fleire folk til å hjelpe til med Knøtte/barnekoret Julie ønsker å starte i Ørskog. Ester Walgermo har sagt ja, men det trengst minst 1 person til. Veit du om nokon som du kan utfordre blant dine venner/kollegaer/kjenningar/naboar mfl.?

Det blir jobba med å finne nye folk som kan vere i fellesskapskomiten. Brit Skjelten står framleis på her. Eitt arrangement i mnd. Overkommeleg!

Eitt lørdagsteam som har teneste 6. kvar laurdag på Bruktbutikken, treng også forsterking. Det kan vere å gjere litt kjøkkenteneste, «sitte i kassa», vere i butikken å hjelpe kundar med kjøp og salg.

Spør nokon om du ikkje kan sjølv! Det går an å prøve, og dersom dei ikkje trivst med det, kan dei kutte ut med det same. Der er det ikkje oppseiingstid ;)

Handsaming i møtet:

Kyrkjelydspedagog Julie vil starte opp knøttekor etter vinterferien.

Annankvar onsdag kl 17 – 17.30

Matpause

Ca 18 – 18.30 Kor for barn i skulealder

Frivillige medhjelparar: Inger Wenche Lid Vethe, Mette Brevholtz, Ester Walgermo.

Onsdag vil kollidere med tilbod på idrettsskulen for same aldersgruppa. Det blir truleg satsa på koraktivitet likevel som planlagt.

Samling for ungdom. Ulike sider ved arbeidet vart drøfta. Viktig med fleire vaksne/ eller vaksne ungdomar som kan vere der over tid.

Laurdag/tysdag annankvar veke?

Olav tek initiativ til å samle folk som vil vere med, etter vinterferien. Samle konfirmantane og drøfte med dei kva dei tenkjer om tiltaket.

Brettspel, bordtennis, film, kort andakt, song, mat, uteaktivitetar.

Komite så langt: Doreen, Olav, Kristian F og Kristian S, Kim-Ove og Knut Steinar

Ola Sønderland blir nytt medlem i husstyret for Kyrkjetoget.

Fleire trengst i teama på bruktbuikken

Framlegg til vedtak:

Arbeidet med å skaffe frivillige til ulike gjeremål i utval, komitear og på Brukt`n held fram. Ørskog sokneråd takkar alle som på ein eller annan måte gjer ein frivillig innsats i kyrkjelyden.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Vedtak:

Arbeidet med å skaffe frivillige til ulike gjeremål i utval, komitear og på Brukt`n held fram. Ørskog sokneråd takkar alle som på ein eller annan måte gjer ein frivillig innsats i kyrkjelyden.

Sak 12/24: Val av konkret misjonsprosjekt for Himalpartner

Soknerådet gjorde i møte 18. januar 24 vedtak om å velje å støtte

«Higher Ground» (Kampen mot slavesalg i Nepal) Dei jobber med å utvikle verkstader for produksjon. Det skaper arbeidsplasser for kvinner. Det fører igjen til styrka økonomi i familien, slik at dei ikkje lenger er «tvinga» til å selje jentebarna sine for å få inntekter og kunne overleve. Soknerådsleiaren drøfter prosjektet med prosjektansvarleg i organisasjonen og melder tilbake til soknerådet.

Vedtak:

Vedtaket som soknerådet gjorde for å støtte Higher Ground, er ikkje lenger aktuelt. Dei går for eigen maskin, og Himalpartner treng ikkje å støtte dei lenger. Soknerådet tek stilling til nytt prosjekt på komande møtet.

Sak 13/24: Revisjonsberetning og avtale

Saksframlegg:

Soknerådet har i samband med val av nytt sokneråd mottatt standard engasjementsbrev frå revisor. Brevet skal leggest fram for soknerådet og signerast av kyrkjevevje og soknerådsleiar.

Forslag til vedtak:

Soknerådet bekreftar at ein forstår, og samtykker i, vilkåra i avtalen med Møre og Romsdal Revisjon SA

Vedtak:

Soknerådet bekreftar at ein forstår og samtykker i vilkåra i avtalen med Møre og Romsdal Revisjon SA

Sak 14/24: Årsmøte. Program mm. Årsmelding og rekneskap

Soknerådet har sett av torsdag 21. mars til årsmøte for kyrkjelyden på Kyrkjetoget Det blir avvikla i fellesskapskveld- tida dvs kl 19 – ca 21.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Årsmeldinga blir lagt fram for orientering for årsmøtet. I presentasjonen vil ein ta med nokre sider ved arbeidet utan at alt blir gjennomgått. Det vil bli høve til å stille spørsmål og kommentere. Samtale. Rekneskapen blir lagt fram på same måten. Prest Øystein Braathen vil bli spurt om musikalske innslag av egne/andre sine viser/songar. I tillegg blir det servert kaffi/te og kake eller likn. Har du forslag til andre programinnslag eller servering, må du kome fram med det.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd gjennomfører årsmøtet 21. mars 24. Føresetnad for gjennomføring er at årsmelding og rekneskapen for 2023 er ferdig og vedtatt av soknerådet 14. mars 24.

Handsaming i møtet

Årsmøtet blir i fellesskapskveld-tida torsdag 21. mars kl 19 – 21

Tidlegare leiar Lars Tore Nerbøvik leiar kvelden

Det blir bestilt glutenfri kake frå Sjøholt folkehøgskule. Kaffe/te/vatn, frukt

Songinnslag av prest Øystein Braaten.

Vedtak:

Ørskog sokneråd gjennomfører årsmøtet 21. mars 24. Føresetnad for gjennomføring er at årsmelding og rekneskapen for 2023 er ferdig og vedtatt av soknerådet 14. mars 24.

Sak 15/24: Innspel frå soknerådet til kyrkjevevja/fellesrådet om tiltak i og rundt Ørskog kyrkje.

Kyrkjevevja Andrea Hunger har bede sokna i Ålesund om å kome med innspel til fellesrådsbudsjettet for 2024 (og framover)

I Ørskog har vi i november gjennomført 150 årsjubileum og fellesrådet har med sine bevilgningar sytt for at maling av kyrkja vart fullført med det som skulle eikeodrast. Eit samarbeid mellom soknerådet og fellesrådet gjorde dette muleg.

Det er vi takksame for.

Men med ei kyrkje frå 1873 vil det alltid vere utfordringar for å syte for universell utforming, slik at ho skal vere praktisk og tilgjengeleg for alle. Nedanfor nemner vi tiltak som vi vil sende over til kyrkjevevja og fellesrådet, og som vi meiner det må gjerast noko med framover.

Det er både vedlikehaldstiltak som det hastar med å få gjennomført, men også tiltak som vil krevje meir av økonomi og planlegging:

1. Minnelund på kyrkjegarden.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

I samband med utvidinga av kyrkjegarden for ei tid tilbake, vart det avsett område for ein minnelund. Men det er ikkje gjort noko meir med denne.

Vi meiner den må prioriterast, slik at han kan nyttast. Vi kjenner til at dette er eit behov på fleire kyrkjegardar, og vi oppmodar fellesrådet om å gripe tak i saka for å planlegge og gjennomføre. Det er stadig fleire som etterspør korleis framdrifta er.

2. Handicap wc i kyrkja.
3. Reinsing av orgelet
4. Andre vedlikehaldsoppgåve:
 - Takstein frå kyrkjetaket har falt ned. Han bør festast, og det bør sjekkast om fleire er lause.
 - Nedsenka fjøl i koret må fiksast
 - Omnsplatene på dåpssakrestiet må sikrast, slik at ikkje plater blir slått på av uvedkomande og blir etterlatt med fare for overoppheting og brann.
 - Utbetring av altarringen. Skinnbit har løsna. Det bør vurderast om skinnet bør bli erstatta med mørkeraud fløyel som det er på preikestolen.

Handsaming i møtet:

Kva med brannberedskap på utsida av kyrkja? Er det slik det bør vere?

Det blir skrive avviksmelding om laus takstein

Kokeplater i dåpssakrestiet: Set inn komfyrvakt, boks på veggen.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd viser til tiltaka/sakene og ber fellesrådet følgje dei opp.

Vedtak:

Ørskog sokneråd viser til tiltaka/sakene og ber fellesrådet følgje dei opp.

Sak 16/24: Samtale med kantor Arne B. Varmedal

Kantor Arne blir invitert til møtet for å bli litt meir kjent med oss i soknerådet og vi med han. Vi samtalar om arbeidsoppgåver, salmesong mm og luftar tankar rundt det musikalske i kyrkja og kyrkjelyden.

Vi avsluttar denne økta med salmesong

Vedtak:

Saka blir utsett til seinare møte



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 17/24: Eventuelt

Under eventuelt kan vi samtale meir om tiltak vi ønskjer å sette i gang, som vi har nemnt tidlegare.

Har du noko du vil ta opp, har du høve til det og.

Soknerådet sin repr. i fellesrådet, May-Sissel R. Osvik, orienterte om saker som var oppe i fellesrådet sidan sist.

Møtet slutt.

Referentar

Doreen Strømmen, Inger Valbø og Mons-Olav Walgermo

Mons-Olav Walgermo
soknerådsleiar